





Gjermond Fredheim spelar i Uskedalskyrkja – i neste veke spelar han på Stord. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Den lovande gitarspelaren Gjermond Fredheim (24) frå Uskedalen held fram med å spela på heimebane i Sunnhordland. Han er onsdag 11. oktober ein av aktørane i eit program i Museumshallen på Stord.**

- Han er så dyktig, det er naturleg at han deltek i vår Sunnhordlandserie. Der ynskjer vi å lyfta fram unge talentar frå ymse kunstartar i dette distriktet og Fredheim skal spela i ei utstilling laga av ein 21-åring frå Fitjar som heiter Karl-Olav Lunde.

Det fortel Maria Malmsten, som er primus motor for denne programserien til uskedalen.no. Fredheim er no på veg mot ein mastergrad i klassisk gitarspel ved Griegakademiet i Bergen medan målar og skulptør Lunde går på Kunstsolen i Bergen. Han gjekk først teikning form og farge på den vidaregåanden skulen i heimbygda og etter det kunstlina på Fana folkehøgskule.

Uskedelingen har eit svært allsidig repertoar, noko han gav eit døme på i Uskedalskyrkja i helga og som han vil gje påny under konserten på Stord.

Lunde måler med akrylmåling og helst nonfigurativt. Skulpturane han syner fram er hogge ut av eit enkelt furustykkje med hoggjern og slegge.

- Eg tykkjer det er spanande å føre saman ymse kunstartar, seier Maria Malmsten.

Av Ola Matti Mathisen